

ALVER KULTURRÅD

Til
Alver kommune - kulturkontoret
v/ Sigrid Fivelstad

28. mars 2021

Uttale: Prioritering av søknader til lokale kulturygg i Vestland fylkeskommune 2021

Styret i Alver kulturråd støtter opp om administrasjonen sitt forslag på prioritering.


Styret vil peike på at eigarar av lokale kulturygg i dag slit tungt med å drifta desse flotte kulturstytasjonane i kommunen vår. Og særleg no i ei tid med pandemi og sterkt redusert utleige av lokala. Difor er det gledelig at det fins ordningar for investering og rehabilitering av lokale kulturygg. Gjennom Alver kommune sine eigne ordningar for støtte til lokale kuturygg i kulturmildane, får ein inntrykk av at det er eit stort etterslep av investering og rehabilitering av kulturstytasjonane våre.

Med det store volumet av lokale kulturygg som finns i kommunen er det difor rart at det berre er to søknadar til den fylkeskommunale ordninga. Umiddelbart tenkjer ein at ordninga ikkje er godt nok kjent og publisert til eigarar og driftarar av våre lokale kulturygg. Alver kulturråd har medlemslag som eig og driv lokale kulturygg i nærområda våre. Dette er base for kunnskap og informasjon som er til rådvelde for administrasjonen om det er ønskeleg. Lagshus og lokale kulturygg er avgjerande for utviklinga av levande lokalsamfunn.

Koordinering og oppfølging av tilskuddsordningar for lokale kulturygg på både kommunalt og fylkeskommunalt nivå, vil betre grunnlaget for vidare handsaming av stønadsordningar.

Styret i Alver kulturråd stiller seg til rådvelde og er takknemleg for å kunne bidra.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes
Styrelseiar



Per Ole Ekker
Sekretær